

Høringsoppsummering

1. Type høringsinstans.

Bispedømmeråd

2. Navn på høringsinstans.

Møre bispedømmeråd og Møre biskop

3. Bispedømmetilhørighet.

Møre

4. Har du kommentar til kapittel 1: Innledning

I innleiingskapittelet blir målgruppene definerte, teologisk og pedagogisk grunnlagstenking, læringssyn og innhald og eit utvida fokus på likeverdig deltaking, rammeplanar og breiddeperspektiv/ kontinuerlege og tidsavgrensa aktivitetar og tilbod.

Målgruppeforståinga blir foreslått utvida: 0-5 år, 6-12 år, 13-19 år, konfirmasjonstida, unge vaksne og vaksne med eit auka fokus på grunnleggjande og fordjupande undervisning og læring som skal omfatta alle døypte og interesserte.

Inndelinga held fast at Den norske kyrkjas undervisning og læring framleis skal ha hovudtyngd på barn og unge, men at læring skjer heile livet. Den enkelte skal bli møtt med si unike erfaring og i lys av fellesskapet skal få hjelp til leva og veksa i den kristne trua gjennom eit mangfold av tilbod uavhengig av bakgrunn, alder, føresetnader og kjennskapar til og kunnskap om kristen tru. Her vil det utarbeidast eigne rammeplanar for dei ulike aldersgruppene. Dette er Møre bispedømmeråd/ Møre biskop samd i.

Det grunnleggjande for Den norske kyrkjas undervisning og læring er at Gud elskar alt det skapte og at mennesket har uendeleg verdi. Mennesket er sett til å forvalta Guds skaparverk. Både barn, unge og vaksne er truande subjekt som i fellesskap er med på å opna tekstar, tradisjon og tru. Møre bispedømmeråd og Møre biskop meiner dette bør komma tydeleg fram i overordna del.

5. Har du kommentar til kapittel 2: Teologisk grunnlag for kirkelig undervisning

og læring

Dette kapittelet seier noko om det teologiske grunnlaget for kyrkjeleg undervisning og læring knytt til dåpen i den treeinige Guds namn. Den norske kyrkja må som ei vedkjennande, open, tenande og misjonerande folkekirkje søkja å venda seg til alle og invitera breitt.

Dåpen er grunnleggjande for kyrkja og gir ein god struktur saman med dei tre artiklane til truvedkjenninga.

Me er spørjande til formuleringa på side 4, 2. avsnitt; «Kyrkja må finna og fjerne alt som kan hindra menneske frå å oppsøkja dåp».

Kyrkja må vera tydeleg i kommunikasjonen og forkynninga si slik at alle veit at dei er velkomne til dåp med barnet sitt eller seg sjølv som vaksne.

I arbeidet vårt, og då spesielt i forhold til kyrkjeleg undervisning og læring, er det viktig at me gir nok og tilstrekkeleg kunnskap til å ta eit kvalifisert «trusval», slik at den enkelte veit kva kristen tru er og gjennom det blir stimulert til å søkja fellesskap i kyrkja og ytterlegare kunnskapsfordjuping. Slik kan kyrkja hjelpe den enkelte med dei individuelle utfordringane sine.

Kyrkja må derfor stadig utforska korleis ho kan opna opp og invitera fleire til dåp, nattverd og fellesskap. Her er Misjonsbefalinga/ dåpsbefalinga, som basis for fadderansvaret, grunnleggjande - Å visa omsorg, be for, læra sjølv å be og hjelpe til å bruka Guds ord og delta i nattverden, slik at den døypte kan leva og veksa i den kristne trua

Jesus Kristus, frigjeraren vår

Her ønskjer vi at omgrepene «Frelsaren vår» også blir bruk ved sida av og på linje med «frigjeraren vår», - altså eit auka kristologisk fokus. Det er viktig at håpet og nåden i Jesu Kristi oppstode, det at Gud vart menneske, blir formidla.

Den heilag Ande, vår livgjevar

Fordi Den heilage Ande gjer Ordet og ordet levande og gjennom det gjer trua levande, vil me at Den heilage ande også omtalast som talsmannen og ikkje berre «vår livgjevar».

Dette fordi Gud er i Ordet og ordet sluttar aldri å skapa noko nytt i verda og i menneskes liv. Dette konstituerer også kyrkjeleg undervisning og læring i Den norske kyrkja.

For å få ein god balanse i læringa, synest vi det er viktig at det Gamle testamentet blir brukt og vist til, også i ny overordna del for kyrkjeleg undervisning og læring. Eit døme er Salmane som gjennom hundreår har vore kyrkja si bønneboka.

Å leva i stadig velsigning – Sivdnidit

Som kristne lever og tolkar vi vårt liv i lys av den kristne trua og at vi lever i ei stadig velsigning – Sivdnidit, i ein religiøs praksis kor ein kommunisera med både Gud og skaparverket. Slik blir Sivdnidit – å leva i stadig velsigning, ein måte å praktisera audmjukskap og takksemd, samtidig som det er ei påminning om ansvaret for kvarandre og for alt det skapte.

Ein slik kvardagspraksis med små ritual og ulike måtar å vera i dialog med Gud og kvarandre på, gjennom ord eller handling, er uavhengig av kjønn, alder eller spesifikke eigenskapar hos han enkelte. Sivdnidit vil derfor vera viktig for kyrkja som lærande fellesskap både i formaliserte undervisningsaktivitetar men også samvær i ikkje-formelle samanhengar. Å møter menneske undervegs, både i livet og trua, og er slik også eit mål for kyrkjeleg undervisning og læring. Slik vil den samiske kulturforståinga og pedagogisk tilnærming kunne vera ein ressurs inn i undervisningsarbeidet.

6. Har du kommentar til kapittel 3: Å leve og vokse: Innhold i kirkelig undervisning og læring

Kyrkjeleg undervisning og læring er ein kontinuerleg prosess som knyter tidlegare kunnskap og erfaringar til ny og fordjupa kunnskap og livserfaring.

Tre innhaldselement er sentrale i kyrkjeleg undervisning og læring: bibel, tekst og tolking, kulturen og tradisjonen til kyrkja, og kristen tru i praksis. Alle elementa skal bidra til livstolking og livsmeistring. Vidare utdjuping av innhald kjem i dei ulike rammeplanane.

Læring i kyrkja skjer mellom anna gjennom deltaking, samhandling og kommunikasjon med andre og er ikkje alltid målretta og styrt og må derfor bli forstått breiare enn den tradisjonelle tileigninga av kognitiv kunnskap.

Ei slik religionspedagogisk tilnærming til læring inkluderer grunnleggjande faktakunnskap og kjennskap til sentrale omgrep, forteljingar og gjenstandar (artefaktar), men også praktisk kunnskap om korleis trua blir utøvd i kyrkjerommet, i det kristne fellesskapet og i kvardagen. Kunnskapen kan også vera taus og liggja i kroppen gjennom erfaringar eller opplevingar.

Læring skjer når kunnskap blir brukt. Når ein reflekterer, utforskar og bruker kunnskapen i praksis, blir det opna for større innsikt. Slik blir det ein lærar set inn i ein større samanheng. Det levdelivet blir vove saman med forkunnskapen til den enkelte, kunnskapsbidraget frå andre, fortida og samtida.

Læring skjer slik gjennom fellesskapet når truserfaringar møtest, i kyrkjerommets materielle og immaterielle kristne kulturarv og gjennom deltaking i gudsteneste og kyrkjelege handlingar. Dette gir erfaringar og rører ved menneskes liv på ein konkret og relevant måte. Slik kan kyrkjeleg undervisning og læring vera med løfte menneskeverd og mellommenneskeleg relasjonar, med utgangspunkt i Gudsrelasjonen.

Bibel, tekst og tolking

- bli kjent med heile Bibelens innhald med mangfaldet av tekstar, forteljingar, språk og symbolbruk, og lære å bruka Bibelen (jamf. svar på Kap.2)
- Bibelen har prega den kristne kulturen og har ein vesentleg plass i allmennkulturen, språket og kunstartane.
- Bibelforteljingane er berande ved dei kristne høgtidene og gjennom kyrkjeåret. Dei er ein del av kristen tru i praksis, og skal gi kunnskap og innsikt i trua og tradisjonen til kyrkja.
- Kunnskap om Bibelen og kjennskap til Bibelens tekstar skal bidra til å gje tryggleik i eiga tru og tradisjon for den enkelte, men også kunne bidra til kritisk tenking.
- Bibeltekstane er sentrale for å forstå og delta i liva og rituala til kyrkja, og for å kunne tolka eige liv i lys av kristen tru.
- Bibelen er slitesterk og relevant i ulike livsfasrar og livssituasjonar.
- Bibelforteljingar er eit godt utgangspunkt for samtale om livsnære og kvardagsaktuelle tema som tru og vitskap, menneskesyn og menneskeverd, utanforskap og

einsemd, brotne relasjonar, sjukdom og død, rettferd og forskjell, krig og fred, og utfordringar knytt til klima, miljø og berekraft.

Kulturen og tradisjonen til kyrkja

- Kyrkja forvaltar ein rik kulturarv og eit mangfald av tradisjonar. Dette er viktige kjelder for identitet og tru, livstolking og livesmeistring.
- Lokalt, globalt, identitet og tilhøyrsel, mangfald

Kristen tru i praksis

- Skal knyta trua til levd liv slik at menneske kan forstå eige liv i lys av bibelforteljingane og trua på den treeinige Gud. Det kan skje gjennom gudstenestedeltaking, bønn eller det liturgiske og kyrkjemusikalske arbeidet i kyrkjelyden. Ved å bli kjend med sakramenta, kyrkeåret og dei kristne høgtidene, skal deltarane få utforska og utvikla truspraksisar og eit språk for tru og tvil.

- o inkluderer diakonale praksisar.
- o varierte uttrykksformer

Livstolkning og livesmeistring i kyrkjeleg undervisning og læring

- Få reiskap til å forstå seg sjølv og tilværet i lys av relasjonen til Gud, andre menneske og skaparverket
- eit lærande fellesskap på tvers av generasjonar

7. Har du kommentar til kapittel 4: Å være og å lære: Pedagogisk

grunnlagstenkning og læringssyn

Pedagogiske grunnlagstenking og læringssyn. Konteksten til læringa og korleis læring i kyrkja skjer på ulike arenaer og måtar gjennom kor ma. deltaking, samhandling og kommunikasjon med andre vert vektlagt. Ei slik religionspedagogisk tilnærming til læring vektlegg at læring ikkje alltid er målretta og styrt.

- Læring gjennom fellesskapet: -gjennom truserfaringar, kunnskap om kristen tru og tradisjon og livstolking og livesmeistring.
- Læring gjennom rom: Kyrkjerommet formidlar tru og tradisjon der både materiell og immateriell kristen kulturarv kjem til uttrykk.
- Læring gjennom gudsteneste: Deltaking på gudsteneste, i dåp, konfirmasjon, bryllaup eller gravferd gir erfaringar og læring på ein konkret og relevant måte.

Slik kan Kyrkjeleg undervisning og læring forståast som ein del av det mangfaldige tilbodet til kyrkja

Undervisning handlar om alle målretta og planlagde aktivitetar som gjennom varierte arbeidsmåtar og metodar legg til rette for at barn, unge og vaksne kan oppleva læring.

Deltakarar er ikkje passive mottakarar, men påverkar og pregar eiga læring forma i samspelet mellom den som underviser, deltakaren i aktiviteten og innhaldet i læringa.

Å læra i verda:

- Kontekst/ innblikk i samfunnsforhold, menneskes levevilkår og eksistensielle behov er avgjerande.
- Undervisnings- og læringsfeltet til kyrkja blir påverka tilbod/ aktiviteta utanfor kyrkja i;
 - o I barnehagen/ skulen.
 - o Familiетradisjonene
 - o Religionens plass i det offentlege rom
 - o Digitale medium og nettverk
 - o Subkulturer

Utfordringsbilde for kyrkja som undervisnings- og læringsarena

- Eit livssynsope og mangfaldig samfunn med tilhøyrande utfordringar og moglegheiter.
- Generasjonsomgrepet er i endring som utfordrar omsyn til felles referanserammer.
- Digitalisering/ SoMe
- Kristen tru og kulturarv er ikkje lenger like synleg på fellesarenaene i samfunnet, men er i større grad opp til den enkelte å definera tru, religiøs tilhørsel og praksis
- Uoversiktelege og mange informasjonskjelder

Undervisnings- og læringsoppdraget i eit livssynsope og mangfaldig samfunn

- Kyrkja kallar alle menneske til å ta imot evangeliet, tolka sitt liv i lys av bodskapen, veksa i trua på den treeinige Gud og inviterer til ein relasjon til seg sjølv, skaparverket og Gud.
- Her kan Kyrkja bidra kjeldekritisk og reflektert i samtalar om tru og religion

Å vera med i fellesskapet: tilhørsel og tryggleik

- Bli sett og ønska
- Universell utforming, kultursensitivitet og inkluderande og dialogisk tilnærming
- Deltaking er ein føresetnad
 - o Være aktivt involvert, ha ansvar og oppgåver, skapa noko saman og å dela opplevingar/ erfaringar.
 - o Være eit fellesskap utan forventning om prestasjon.
 - o Tilrettelegjing for deltaking også utanfor kyrkjebygg og kyrkjelydshus.

Interkulturell forståing/ mangfald

- Geografisk, etnisk og kulturell tilhørsel, språk og dialekt, sosioøkonomisk bakgrunn, seksuell identitet, kjønnsidentitet, funksjonsgrad, erfaringar, kompetanse, interesser og familiesituasjon er nokre av faktorane som bidreg til å utvikle identitet og har innverknad på korleis ein oppfattar og tolkar tekstar, praksisar og nye erfaringar og kor mottakeleg ein er for læring. Dette fordrar openheit, respekt og interkulturell kompetanse og ei bevist haldning til språk og inkluderande/ dialogisk kommunikasjon.

Noen i Møre bispedømmeråd ønskjer ikkje at omgrepet kjønnsidentitet, som eit av fleire referanserammer, blir brukt, men i staden brukar omgrepet mangfaldig. Fleire støttar bruken av omgrepet kjønnsidentitet.

Pedagogisk tilnærming

- Grunnleggjande faktakunnskap og kjennskap til sentrale omgrep, forteljingar og gjenstandar (artefaktar), men også praktisk kunnskap om korleis trua blir utøvd i kyrkjerommet, i det kristne fellesskapet og i kvardagen
- Kunnskap utviklast når ein reflekterer, utforskar og bruker kunnskapen i praksis.
- Livs- og trusrelevant undervisning

Fagleg utvikling og fornying

- Samhandling med andre fagfelt
- Fagutvikling og leiing - profesjonsidentitet

8. Har du kommentar til kapittel 5: Likeverdig deltagelse og medvirkning

Kapittelet omhandlar samisk kyrkjeliv i kyrkjeleg undervisning og læring, både som ein ressurs for arbeid i samiske område, men også som ein grunnleggjande ressurs i heile kyrkja.

Kapittelet er heilt nødvendig og vil vera eit godt hjelpemiddel for heile kyrkja i handteringa av sannhets - og foroningskomisjonen sin rapport. Vi ser fram til at dette kjem tydelegare fram i dei meir detaljerte rammeplanane.

9. Har du kommentar til kapittel 6: Samisk kirkeliv: likeverdig og livskraftig

Kapittelet omhandlar likeverdig deltaking og medverknad med utgangspunkt i at alle, uansett alder og funksjonsnivå skal ha høve til å delta i fellesskapet til kyrkjelyden og få oppfylt dei religiøse rettane sine.

Likeverdig deltaking og medverknad

- Alle, uavhengig av alder og funksjonsnivå, skal ha høve til å delta i fellesskapet til kyrkjelyden. Dette inkluderer tilgang til sosiale nettverk, læring, personleg utvikling og fellesskap.

- Medborgarskap omhandlar at alle får likeverdig behandling og har dei same moglegheitene for deltaking og tilhørsel

Prinsipp for likeverdig deltaking i kyrkjeleg undervisning og læring

- Inviterer alle døypte og interesserte

- Fellesskap skal være prega av anerkjenning og likeverd. Dette føreset at undervisninga er både relasjonsbasert og prega av kunnskap om menneskerettar, menneskeleg mangfald og sårbarheit

o Universell utforming og individuell tilrettelegging skal varetakast.

o Har rom for stort mangfald av deltakarar

o Rammene for undervisninga må leggja til rette for at det er tilstrekkeleg tilfang av menneskelege ressursar, tid, tverrfaglegheit og kompetanse for å kunna innfri målet om likeverdig deltaking

Barrierer for deltaking

- Funksjonsnedsetting/ barrierar som kan vera både fysiske, sosiale og kulturelle.

- Aksept, tilhørsle og tilgang inkl. individuell tilrettelegging

- Ekskluderande haldningar kan komma til uttrykk gjennom språk, sosiale praksisar, makt, normer, strukturar, prioriteringar av ressursar og god/ manglande informasjon.

Medborgarskap, demokrati og representasjon

- Medborgarskap betyr her å kunna delta, ha eit trusliv, delta i fellesskap og vera eit religiøst subjekt. Dette inneber å få lov til å setja eigne ord på religiøse erfaringar, stilla spørsmål og undra seg, og velja grad av deltaking og medverknad gjennom utøvd innverknad og medverknad

- All medverknad bør vera reell, frivillig, alderstilpassa, informert og representativ. Barn, unge og vaksne bør delta aktiv i planlegging og evaluering av aktivitetar. Ansvaret for barns medverknad ligg hos den vaksne

10. Har du kommentar til kapittel 7: Samarbeid om kirkelig undervisning og

Læring

Kapittelet omhandlar samarbeid om kyrkjeleg undervisning med heimen, fadrar, organisasjonar, frivillige og ulike aktørar i lokalsamfunnet.

Eit nytt element i overordna del er at samarbeidet mellom kyrkja, barnehage/ skule og SFO og korleis kyrkja kan bidra til opplevelingar, undring, utforsking og djupnelærings uavhengig av

tru og livssyn vert adressert. Det vert poengtert at det er viktig med gode avtalar og samarbeidsplanar og at kyrkja til ei kvar tid overheld skulen/ barnehagen/SFO's gjelda lovverk. Den norske kyrkja står fritt etablera tilbod i SFO-tida.

Møre bispedømmeråd/ Møre biskop er glad for tydeligere rammer og de signal dette gir.

11. Har du kommentar til kapittel 8: Lokalt planarbeid

Kapittelet beskriv lokalt planarbeid, der «Kyrkja vår – samla plan for arbeid i soknet» er eit viktig verktøy i planarbeidet til kyrkjelyden. Dette er et arbeidsverktøy vi har store forventningar til.

12. Har du andre kommentarer til planen

I bispedømmerådet gjekk det ein diskusjon om kva overordna plan er i forhold til rammeplanane. Det er viktig at forskjellen mellom overordna plan og rammeplan og innhald blir poengtert i innleiingskapittelet. Slik det er no, kjem ikkje dette tydeleg fram.

Det står heller ikkje noko om fagutvikling og leiing og kyrkja som profesjonsfellesskap. Dette er viktig for å kunna møta dei krav og mål som blir sett i forslaget til overordna del og ikkje minst i forhold til rekruttering og varetaking av tilsette.

13. Av hensyn til forenkling vurderes det om Kirkerådet kan vedta de seks ulike rammeplanene under overordnet del. Hva mener du om dette?

- Kirkerådet kan vedta rammeplanene
- Rammeplanene bør vedtas av Kirkemøtet

Kirkerådet kan vedta rammeplanene

14. Har du utdypende kommentar til spørsmål 13

Møre bispedømmeråd og Møre biskop tenkjer at Kyrkjerådet kan vedta rammeplanane i samarbeid med dei regionale administrasjonane i bispedømma og bispemøtet.